


KVA MED UNGANE NÅR EG ER SJUK?



BARN SOM
PÅRØRANDE

RÅD TIL FORELDRE OG
OMSORGSPERSONAR
NÅR FAMILIEN OPPLEVER
ALVORLEG SJUKDOM



Når nokon i familien er alvorleg sjuk, blir kvardagen endra. Ungar kan bli bekymra og få mange spørsmål og tankar. Hugs at ungar har god fantasi. Viss dei ikkje blir fortalt kva som skjer, lagar dei seg egne forklaringar.

ER DET
MIN FEIL AT
PAPPA ER
SJUK?

DEI
ANDRE ER
SÅ TRISTE. HAR
EG LOV TIL Å
VERE GLAD?

KVEN
SKAL PASSE
PÅ LILLESØSTER
VISS EG GÅR
UT?

KVIFOR
FÅR EG IKKJE
SOVE?

KVA SKAL
EG FORTELJE
TIL VENNENE
MINE?

HER ER NOKRE RÅD TIL DEG:



Inkluder ungane i situasjonen. Fortell om sjukdommen og behandlinga på ein måte som er tilpassa barnets alder.



Prøv å halde på familien og ungane sine kvardagsrutinar, i den grad det er mogleg. Ungane sine fritidsaktiviteter kan vere god avkopling.



Søk informasjon om vanlege reaksjonar hos barn og unge når nokon i familien er sjuke. Det kan gjere det enklare for deg å forstå og støtte ungane dine.



Informer barnehage, skule og helse-søster om situasjonen i familien. Du treng ikkje fortelje alle detaljar, men nok til at dei som er saman med ungane i kvardagen kan sjå og ta vare på dei.

**HELSEPERSONELL HAR
KUNNSKAP OG ERFARING
MED Å HJELPE FAMILIAR
SOM OPPLEVER SJUKDOM.
VI SNAKKAR GJERNE MED
DEG OM SITUASJONEN I
FAMILIEN DIN**

FAKTA

Helsepersonell skal bidra til å ivareta mindreårige barn som pårørende (Helsepersonelloven §10 a)

VI SOM JOBBAR HER VIL GJERNE HJELPE DEG MED:

- Informasjon og råd
- Legge til rette for besøk på sjukehuset
- Familiesamtale

Du kan også finne råd og informasjon på våre nettsider
www.helse-forde.no/barnsomparorande

.....
KONTAKTPERSON

.....
TELEFON



www.helse-forde.no/barnsomparorande